

# Global Knowledge Project

## Implementering av FNs barnekonvensjon i Zambisk kultur

*Konvensjonen om barns rettigheter kan få veldig stor betydning eller ikke så veldig. Jeg håper at alle barn i hele verden i hvert fall får det litt bedre*

- Karen 14 år, elev Noreg (Sørensen, 1990, s. 50).

By  
Kandidatnummer 9  
Ingelin Sæbø

Global Knowledge

GK300  
15.05.2015



Agreement regarding the electronical deposit of scientific publications in HiSF Brage –  
Institutional archive of Sogn og Fjordane University College

The author(s) hereby give(s) Sogn og Fjordane University College the right to make this  
thesis available in HiSF Brage provided that the thesis is awarded *grade B* or better.

I guarantee that I - together with possible co-authors - have the right of authorship to the  
material thus have legal rights to allow HiSF to publish the material in Brage.

I guarantee that I have no knowledge or suspicion indicating that this material is illegal  
according to Norwegian law.

Please fill in your candidate number and name below and tick off the appropriate answer:

Candidate number and name 9 Ingelin Sæbø

YES  NO

Candidate number and name 9 Ingelin Sæbø

YES  NO

Candidate Number and name 9 Ingelin Sæbø

YES  NO

## I. Forord

Denne oppgåva er skrevet i forbindelse med eit tre månaders langt opphald i Zambia, der eg hadde praksis. I dette opphaldet har eg erfaringar frå eit sosialkontor, Mukuni village, og SOS barnebyer. Dette praksisopphaldet er ein del av faget Global Knowledge, ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling samfunnsfag, Sogndal. Global Knowledge er eit valfag eg søkte meg inn på under min bachelor utdanning i sosialt arbeid.

Allereie før eg reiste til Livingstone, Zambia, hadde eg laga meg ein idé om temaet for kva prosjektet mitt skulle handle om. Eg synst det er veldig spennande korleis barn blir behandla i ulike kulturar, samfunn, land, osv., og valde difor å skrive om temaet barns rettigheter. Dette er noko eg trur kan vere krevjande, i og med at det er i ein kontekst som eg ikkje er kjend med, men også med tanke på datainnsamling i eit framand land.

Tusen takk til SOS Children Villages i Livingstone og Lusaka som har tillat meg å intervju dei ansette. Tusen takk mødrene på SOS Children Villages som har latt meg ta del i deira kvardag, og latt meg intervju dei. Utan deira hjelp hadde eg aldri klart å fått svar på problemstillinga mi.

Sogndal 2015

Ingelin Sæbø

## II. Samandrag

I løpet av mitt 3-måneders opphald i Livingstone, Zambia hadde eg praksis som sosialarbeidar ved ulike institusjonar, både i urbaniserte og rurale områder. I denne perioden har eg observert korleis barn vert behandla og tenkt om, noko som gjorde at eg blei nyfiken på korleis barns rettigheitar vert kombinert med Zambisk kultur. Problemstillinga mi blei difor: Korleis vert FNs barnekonvensjonen implementert i barneoppsedinga i SOS barnebyer i Zambia, og kva utfordringar er knytt til implementeringa?

I denne studien har eg nytta meg av kvalitativ metode. Det empiriske materialet er basert på kvalitativt forskingsintervju samt mine praksiserfaringar. Eg har intervjuet tre mødrer ved SOS barnebyer i Livingstone og Lusaka, Zambia og har nytta meg av ein semistrukturert intervjuguide. I tillegg har eg innhenta data frå praksis.

Resultatet viser at det er store utfordringar knytt til det å implementere barns rettigheiter i Zambia, i og med at Zambia byggjer på tradisjonelle verdiar medan barnekonvensjonen byggjer på meir moderne og vestlege verdiar.

### III. Summary

During my three months stay in Livingstone, Zambia, I did my practical work as a social worker at different institutions, both in urban and rural areas. In this period I have made observations on how children are being treated and thought of, something that made me curious on how children rights were being combined with the Zambian culture. Children rights is a subject that I find very interesting and even before traveling to Zambia I had an idea that this would be the subject of my project. My topic of issue became: How is the UN Child Rights Convention being implemented in the upbringing of children in SOS children villages in Zambia, and what challenges are attached to implementation-work?

In this study, I have used a qualitative method. The empirical material is based on qualitative research-interviews, as well as field experiences I have made in my practical. I have done semistructured interviews of three mothers in SOS children villages in Lusaka and Livingstone, Zambia. In addition to collecting data through my practical.

The result show high challenges when it comes to implementing children rights in Zambia, seeing that Zambia is built on traditional values and the child right convention is built on more modern and western values.

## Innholdsliste

I. Forord .....	3
II. Samandrag.....	4
III. Summary.....	5
1.0 Innleiing .....	7
2.0 Metode .....	8
2.1 Kvalitativ metode .....	8
2.2 Kvalitativt forskingsintervju.....	9
2.3 Presentasjon av informantar .....	10
2.4 Analyse .....	10
3.0 Teori.....	11
3.1 Barns rettigheter “We are the world. We are the children” .....	11
3.2 Vestleg tenking .....	12
3.3 Etnosentrisme og kulturrelativisme .....	12
3.4 Kultur .....	13
3.4.1 Verdiar .....	13
3.4.2 Kulturell variasjon.....	13
3.4.3 Kulturfiltermodell .....	14
3.4.4 Kontekst.....	15
3.4.5 Kulturforståing.....	15
3.4 Kollektivistisk og individualistisk livssyn.....	16
3.6 Ubuntu.....	17
3.7 Dei undertrykkes pedagogikk.....	18
4.0 Presentasjon av empiri .....	18
4.1 Child rights.....	19
4.2 Personleg meining .....	19
4.3 Utfordringar.....	20
4.4 Relevans i Zambisk kultur .....	20
5.0 Drøfting.....	20
5.1 Vestleg tenking og etnosentrisme.....	21
5.2 Kultur .....	22
5.3 Kontekst.....	23
5.4 Undertrykking.....	24
6.0 Oppsummering.....	25
7.0 Innholdsliste .....	26

## 1.0 Innleiing

Formålet med denne oppgåva er å belyse korleis FNs barnekonvensjon vert implementert i barneoppsedinga i SOS barnebyer i Zambia, samt kva utfordringar som er knytt til konvensjonen i ein zambisk kontekst. Dette ynskjer eg å undersøkje fordi det er eit tema eg synst er veldig interessant, samt har eg gjort meg nokre refleksjonar i praksis som får meg til å ville finne ut meir om det temaet. Problemstillinga mi vart difor «korleis vert barnekonvensjonen implementert i barneoppsedinga i SOS barnebyer i Zambia, og kva utfordringar er knytt til implementeringa?»

I denne oppgåva ynskjer eg å belyse korleis mødrene i SOS barnebyer i Zambia, som er eit tradisjonelt samfunn, opplever barnekonvensjonen og utfordringane knytt til den. Min hypotese er at FNs barnekonvensjon er eit vestleg fenomen som er utarbeida etter ei hovudvekt av vestlege verdiar, noko som gjer dei lite overførbare til eit tradisjonelt utviklingsland som Zambia. Dette er noko eg vil prøve å få svar på i denne oppgåva ved hjelp av relevant teori og datainnsamling gjennom kvalitative forskningsintervju med tre mødre hos SOS barnebyer i Zambia.

## 2.0 Metode

Metode stammer frå det greske ordet *methodos*, som tyder å følgje ein bestemt veg mot eit mål, forskning (Tranøy, 2014). Ein kan difor sei at metoden er eit reiskap ein bruker for å finne svar på noko ein ynskjer å undersøkje. Altså dei vala ein tek, og måten ein går fram for å samle inn data på vegen mot målet. Metode kan ein dele inn i kvantitativ metode og kvalitativ metode. Kvantitative metodar tek meir sikte på å forme informasjonen om til målbare einingar som igjen gjer oss moglegheit til å foreta rekneoperasjonar, altså ved å uttrykke opplysningar i form av tal (Dalland, 2008). I denne praksisrapporten har eg tenkt å nytte meg av kvalitativ metode, der eg kjem til å bruke semistrukturerte intervju samt eigne refleksjonar over praksis for å innhente empiri.

### 2.1 Kvalitativ metode

Denne metoden er hensiktsmessig å nytte seg av når ein skal undersøkje fenomen som ein ikkje kjenner særleg godt, og som det er forska lita på, og når ein undersøker fenomen ein ynskjer å forstå meir grundig (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Barns rettigheter i Zambia er eit slikt fenomen som eg ynskjer å forstå meir grundig, og meiner difor at kvalitativ metode vil belyse detta temaet best i min praksisrapport. Johannessen m.fl. skriv vidare at kvalitativ metode seier noko om kvalitet eller spesielle kjenneteikn eller eigenskapar ved det fenomenet som skal studerast. Kvalitativ metode vil i større grad enn kvantitativ metode fange opp meiningar og opplevingar, som er vanskelegare å talfeste og måle.

For-forståing er det me bringer med oss, som sosialiseringa har lært oss, og kan bestå av alt frå kulturelle røyndomsoppfatningar, menneskesyn, etisk grunnsyn, verdiar og normer, for å nemne nokre (Røkenes & Hanssen, 2012). Vidare skriv dei at denne for-forståinga vert danna på bakgrunn av allmennmenneskelege fenomen som til dømes at me organiserer inntrykk i strukturar og meiningsfulle heilheitar, og på bakgrunn av individuelle erfaringar, samt opplevings- og handlingsmønstra som er ein del av vår veremåte og personlegdom. Noko eg må ta omsyn til i min datainnsamling, både med tanke på meg sjølv og mi for-forståing men også med tanke på informantane sine eigne for-forståingar.

Fordelen med denne metoden er at det er ein meir fleksibel metode, i forhold til kvantitativ metode, og gir meir rom for spontanitet og tilpassing i interaksjonen mellom forskar og deltakar (Christoffersen & Johannessen, 2012). Vidare skriv dei at metoden består av opne spørsmål, og variasjon av korleis spørsmålet vert stilt frå deltakar til deltakar. Denne måten å stille spørsmål på gir deltakarane større fridom til å svare med eigne ord, meir utfyllande, og



meir detaljert. Dette er ein fordel i og med at forskaren kan gå i dybden når det er nødvendig, og slik få ein betre mulighet til å få heilheitsforståing av noko. Forskaren kan då nytte seg av oppfølgingsspørsmål, for å få meir utfyllande og utdjupande svar, samt gir det moglegheit til å rydde opp i misforståingar (Larsen, 2012).

Grunnen til at eg har valgt denne forskningsmetoden er at eg ynskjer å forstå informantanes oppfatningar, erfaringar og oppleving av temaet, nemleg korleis dei begrunne og ser på barns rettigheter i SOS barnebyer i Zambia. Som nevnt ovanfor er dette eit tema eg kjenner lite til, så difor er det naturleg for meg å velje denne forskningsmetoden med kvalitativt intervju og observasjon som tilnærming.

## 2.2 Kvalitativt forskingsintervju

Ein kan samle inn kvalitativ data gjennom observasjon eller gjennom kvalitativt intervju. Kvalitativt forskingsintervju kan kategoriserast som ein samtale med ein struktur og eit formål (Kvale & Brinkmann, 2009). Dette er fordi ein kan sjå strukturen i ljøs av rollefordelinga mellom deltakarane i intervjuet, og formålet oftast er å forstå noko betre eller å beskrive noko. Kvalitative forskingsintervju kan ein dele det inn i tre ulike intervjuformer; som er eit ustrukturert intervju, eit semistrukturert intervju eller eit strukturert intervju (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011).

Formålet med eit slikt intervju er å få tak i intervjupersonens eigne tolkingar av eit fenomen. «Intervjuet har som formål å tolke meningen med sentrale temaer i intervjupersonens livsverden. Intervjueren registrerer og tolker meningen med det som blir sagt, og måten det blir sagt på» (Dalland, 2008). Dalland skriv vidare at intervjuet også har som mål å hente inn kvalitativ kunnskap, som er uttrykt med vanleg språk, utan forsøk på å kvantifisere. Som intervjuar er det viktig å vise openheit overfor nye og uventa fenomen, sjølv om ein fokuserer på bestemte tema, samt er det viktig å unngå ferdigoppsette tolkingsskjema og kategoriar (Dalland, 2008). Eg tenkjer å bruke eit semistrukturert intervjuform med overordna tema og hovudspørsmål, men med spontanitet og individuelt tilpassa spørsmål etter kva som kjem fram i dei ulike intervjua. Dette fordi den vil fungera som ein både gjer meg ein rød tråd i mine intervju, men også fordi den gir mulighet for endring og variasjon av spørsmål, tema og rekkefølge.

Det semistrukturerte intervjuet vert også kalla intervju basert på intervjuguide (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Vidare skriv dei at ein intervjuguide er ei liste over tema og generelle spørsmål som skal gjennomgåast i løpet av intervjuet. Denne intervjuguiden vil ofte

innehalde sentrale deltema, samt underpunkt eller underspørsmål for å få dekket eller utdypa dei ulike tema (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Ein kan sei det slik at intervjuguiden er den planen ein sjølv lager for intervjuet (Dalland, 2008). Dalland skriv vidare at når ein utarbeider ein slik guide for intervjuet vil ein samtidig forberede seg fagleg og mentalt til å møte intervjupersonen. Graden av struktur i guiden vil ha mykje å sei for etterarbeid og analyse i og med at dess meir spontan intervjusituasjonen er, dess meir spontane, levande og uventa svar får ein. Likeins kan ein sei at dess meir strukturert intervjuet er, dess lettare vert det å strukturere, analysere og tolke intervjuet etterpå.

### 2.3 Presentasjon av informantar

Eg har valt er strategisk utvelging, som vil sei at eg har fyrst tenkt igjennom kva målgruppe eg må intervju for å samle inn nødvendig data til å svare på problemstillinga mi, for deretter å velje ut personar i denne målgruppa som kan delta i undersøkinga (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Rekrutteringa av informantar vil skje på SOS barnebyer i Livingstone og Lusaka, Zambia, og den vil skje i person. Eg har allereie etablert ein relasjon med ein del ansette ved SOS, og tenkjer å nytte denne kontakten til å rekruttere informantane eg treng.

Eg ynskjer å intervju tre zambiske mødre ved SOS barnebyer i Zambia for å få eit innblikk i korleis barnekonvensjonen vert implementert i arbeidet deira, samt kva utfordringar som er knytt til konvensjonen. Etter intervjua vil eg analysere svara som vart oppgitt i dei ulike intervjua. Grunnen til at eg har valt å intervju desse tre individa er at dette er personar som omgås dei same barna på SOS kvar dag, og fordi dei ser problem frå sitt praksisfelt og på den måten er dei primærkjelder på sine områder (Dalland, 2008). Ein kan difor sei at fagfolka er ekspertar, og då vert deira erfaringar og kunnskapar svært verdifulle.

SOS mor nr 1, SOS mor nr 2 og SOS mor nr 3 er mine informantar som eg har intervjuet. SOS mor nr 1 er 48 år gamal og har jobba som SOS mor sidan 1999, SOS mor nr 2 er 53 år gamal og har jobba i SOS sidan 2008, og SOS mor nr 3 er 51 år gamal og har jobba som SOS mor sidan 2008. For å bli mor i SOS barnebyer må ein gå eit 2 års kurs, der ein får opplæring i alle dei standardane SOS ynskjer at mødrene skal følgje i barneoppdraginga, i tillegg til å ha relevant erfaring med barn, samt er utdanning med barn ynskjeleg. Alle mødrene har 12 barn i kvart hus, med variabelt antal gutar og jenter.

### 2.4 Analyse

Analyse og tolking av intervjuet er nødvendig. Analyse av eit intervju hjelpe forskaren å finne ut kva intervjuet eigentleg har å fortelje, medan tolking handlar om å forklare innhaldet eller

betydinga av noko (Dalland, 2008). Eg har starta med å analysera intervjua, der eg har delt intervjua opp i element for å finne mønster i datamaterialet, for så å kunne konkludere med noko som svarar på problemstillinga mi. For å konkludere har eg tolka datamaterialet, altså satt det inn i samanheng og opp mot teorien.

## 3.0 Teori

### 3.1 Barns rettigheter “We are the world. We are the children”

FN's internasjonale konvensjon om barnets rettigheter såg dagens ljus i FN's Generalforsamling i New York den 20. November 1989 (Sørensen, 1990). Desse rettighetene er skapt for å sikre at barn blir akseptert som fullverdige menneskjer med dei rettighetene og pliktene dette medfører. Det vart hevda at dersom ein konvensjon om barnets rettigheter vart laga ville det gje verdssamfunnet meir presise og bindande forpliktelsar til å ivareta barns rettigheter (Sørensen, 1990). Ei utfordring i utarbeidinga av ein konvensjon om barns rettigheter er at eit universelt og internasjonalt dokument ikkje vil vere tilpassa dei ulike kulturelle, økonomiske, sosiale, politiske eller sivile særegenheiter på dei ulike kontinenta. Dette var noko Organisasjonen for Afrikansk Enhet (OAU) forsøkte å få fram. Dei anbefalte alle sine medlemsland å slutte seg til barnekonvensjonen utan å krevje vesentlege endringar i teksten, sjølv om fleire uttrykte kritikk mot deler av konvensjonen. «I stedet anbefaler representantene etablering av en egen regional afrikansk erklæring om barnrettigheter som i sterkere grad tar hensyn til de spesielle afrikanske forhold som ikke har sin plass i et globalt dokument» (Sørensen, 1990, s. 44).

Forestillingen om barndommen og barnet som noe annet og adskilt fra, men avhengig av voksne individer, oppstod i den vestlige verden i løpet av det forrige århundre.

Gradvis vokste det fram en forståelse av barnet som et spesielt sårbart og utsatt individ med rett til spesielle former for beskyttelse og omsorg. (Sørensen, 1990, s. 39).

I vestlege land vil artikkelen vere sjølvinnlysende og ein naturleg rettighet som er implementert i samfunnet, medan i utviklingsland, slik som Zambia, vil barn ofte leve i stimuli fattige omgivadar, omgivadar som hindrar kvile og fritidsaktivitetar. Samt går ofte barns kvardag med til arbeid og andre plikter. Sørensen skriv at denne «rettigheten virker idealistisk og tåkete og kan bare realiseres gjennom realisering av andre rettigheter; som retten til ikkje å bli utnyttet økonomisk» (1990, s. 67). Vidare skriv Sørensen at det største

hinderet mot realisering av barns rettigheter er kanskje dei nedarva sosiale og kulturelle verdiane. Verdiane i eit samfunn er ein del av kulturgrunnlaget, og dei kan definerast som standardar for vurdering av alternativ (Schiefløe, 2011, s. 140). Schiefløe skriv at desse verdiane fastsett kva som er ønskverdig og viktig, rett og galt, og det forklarar og rettferdiggjjer handlingar. «På same måte som de grunnleggende antakelsene utgjør verdiene en del av den kulturelle arven som vi overtar når vi vokser opp som medlemmer av et samfunn» (Schiefløe, 2011, s. 140).

### 3.2 Vestleg tenking

Barnerettighetene, på lik linje med menneskerettighetene, har sit opphav i vestleg tenking, noko som gjer det vanskeleg å tilpassa normene til andre kulturar, i og med at dei ikkje er universelle og allmenngyldige (Sørensen, 1990). Marx Weber, den tyske sosiologen definerer makt som «et eller fleire menneskers sjanse til å sette igjennom sin egen vilje i det sosiale samkvem, og det sjølv om deltakerne i det kollektive liv skulle gjøre motstand» (Dahl, 2013, s. 125).

### 3.3 Etnosentrisme og kulturrelativisme

«Etnosentrisme går ut på at en regner seg selv, egne verdier eller egen gruppes livsførsel som bedre enn andres og bruker egne verdier som målestokk for å vurdere andre» (Dahl, Møte mellom mennesker, 2013, s. 73). Ein kan då oppfatte sin eigen kultur som universell, og meiner andre anten deler, eller burde dele, sine egne kulturelle verdiar og normer (Jávo, 2010). Jávo skriv vidare at dette er eit fenomen som ofte finnes hos majoritetsbefolkningar og inngår då som ein del av den dominerande gruppas maktarroganse og kjensle av kulturell overlegenheit. Det motsette av etnosentrisme er kulturrelativisme som tyder å kunne førestelle seg at verda og tilværelsen ser annleis ut for menneskjer med eit ulikt erfaringsgrunnlag enn seg sjølv, og at slike ulikheiter i utsyn og perspektiv er alminnelege og normalt førekommande (Schackt, 2000). Schackt skriv vidare at det er som oftast meir krevjande å organisera samhandling på tvers av kryssande åtferdsmønstre når desse er knytt til ulike verdiar og moralske normer. Noko som han meiner kan føre til at anvendt kulturrelativisme møter veggen i den forstand at motstridande normer ikkje lar seg praktisera av dei same personane samtidig. Dette meiner Schackt, avhengig av det rådande maktforholdet, vil bety at ein eller annan form for kulturell tilpassing må finne sted om samhandlingsmønstra skal stabiliserast.

### 3.4 Kultur

Ordet kultur bygger på de latinske substantivene *cultura*, som stod for dyrking av jorden, og *cultus*, som stod for dyrking av gudene. Det betegner altså en menneskelig aktivitet som på den ene siden innebærer en bearbeidelse av naturen – en foredling - og på den andre siden en åndsaktivitet. (Dahl, Møte mellom mennesker, 2013, s. 34).

Ein kan sei at alle samfunn har ein kultur som er særeigen og i større eller mindre grad ulik frå kulturen i andre samfunn (Schiefløe, 2011). Vidare skriv Schiefløe at denne kulturen utgjer eit kunnskaps- og erfaringsfundament som tidlegare generasjonar har produsert, og som kan utvidast og byggast vidare på av nye generasjonar. Kultur har både element som er både statiske og dynamiske, men det finnes nokre kulturelle fenomen som er meir stabile enn andre. Eit døme er forhold som er knytt til grunnleggjande samfunnsmessige institusjonar, som religion, familie og politiske styringssystem.

#### 3.4.1 Verdier

Schiefløe skriv at verdiane i eit samfunn er ein del av verdigrunnlaget, og at desse verdiane vert definert som standard for vurdering av alternativ (2011, s. 140). Eit angrep på verdier kan oppfattast som angrep på sjølv samfunnets fundament og kan bli møtt med sterke emosjonelle reaksjonar. Verdikonflikter er vanlege fenomen på både samfunnsnivå og individnivå. I den tida me lever er ei aukande grad av internasjonal integrasjon, i form av auka kommunikasjon, økonomisk samarbeid, import av teknologi og påverknad gjennom marknadsføring, utdanning og massemedier, noko som påverkar dei kulturelle særtrekka som er knytt til dei enkelte samfunna.

#### 3.4.2 Kulturell variasjon

Vi bruker uttrykket *kulturell integrasjon* som betegnelse på graden av kulturell enhet og oppslutning om de sentrale elementene i en bestemt kultur. Vi kan snakke om kulturell oppløsning i en situasjon der den almenne oppslutningen om grunnleggende feller kulturelementer forvitrer. (Schiefløe, 2011, s. 160).

Vidare skriv Schiefløe at slik oppløysingar er vanleg i mange utviklingsland, der tradisjonell livsform og tilhøyrande kultur vert sett under press som følgje av påverknad frå vestlege samfunn. Ei bryting mellom det tradisjonelt nasjonale og det moderne og importerte kan føre til kulturell forvirring, normoppløysing og konflikter.

### 3.4.3 Kulturfiltermodell

Det er fullt mogleg å generalisere kulturskilnadar på eit nasjonalt plan, men skilnadane varierer frå individ til individ og frå situasjon til situasjon, så sjølv om nasjonale særtrekk eksisterer dei fleste steder, er det oftast kommunikasjon mellom posisjonerte menneskjer i bestemte situasjonar ein studere, og då vert dei nasjonale generaliseringane for grove (Dahl, 2013, s. 47). Dahl skriv vidare at kulturfilter er dei kulturelle referanserammene som aktørane må forholde seg til, dei representerer det kulturelle repertoaret som dei kan gjera gjeldande i eit dynamisk møte mellom ulike menneskjer. Ein kan samanlikne eit kulturfilter med eit par briller som ein ser verda gjennom, i forhold til korleis ein har blitt sosialisert inn i eit miljø på. Kvar person har sine særeigne kulturelle referanserammer, som gjer at han/ho tyder og gjer meining til meldinga som blir sendt ut frå sin konstruerte røynds forståing.

Dahl understreker at den kulturelle identiteten vert forma gjennom erfaringar frå oppvekst, barndom, skulegang, samspel med foreldra, kameratar og andre påverknadar. Noko han skriv at fører til at dess nærmare to individ veks opp, dess meir fellestrekk vil dei ha og lettare for å forstå kvarandre. Motsett vil ulike erfaringsbakgrunnar, verdiprioriteringar og sosiale betingelsar føre til fleire moglegheiter for feiltolking (Dahl, 2001, s. 68) Dahl har konstruert to ulike kulturfilter han har kalla kulturfilter A og kulturfilter B, som er meint som eit hjelpemiddel i praksis for å sjå kontrastane og korleis tolkingar skjer gjennom to slike ulike filter. «Beskrivelsen av A og B er organiserte ved hjelp av konstruerte kontraster og en kunstig todeling av universet – såkalte diktomier» (Dahl, 2001, s. 73). I følgje desse kulturfiltera vil kulturfilter i A-kulturar ha eit menneskesyn som er individorientert, der verdiar og normer privatiserast, samt vert autonomi sett høgt. Motsett er menneskesynet kollektivt orientert i B-kulturar, og verdiar og normer vert bestemt ut frå gruppa, samt vert avhengigheit streva etter. Vidare vert det i A-kulturar lagt eit skilje mellom det religiøse og det materielle, og mellom det offentlege og det private. Det vert lagt vekt på formell utdanning, spesialisering, offentleg organisasjon, anonym stil. Likheitsideal vert sett høgt, samt vert kjønnsroller utviska. B-kulturar derimot ser på det religiøse og det materielle som heilheit, og det offentlege og private overlapp. Det vert lagt stor vekt på sosial rang, familie og slekt, eldres autoritet, spontanitet og integrasjon. Samt er relasjonar viktige, ulikheiter vert akseptert og kjønnsroller vert strengt oppretthaldt. I følgje Dahl (2001) kan det tenkast at ein i vesten har eit kulturfilter som i tankegang liknar kulturfilter A. Medan i følgje Schwartz (2004) kan ein tenkje seg at i eit tradisjonelt samfunn som Zambia er kulturfilter B nærmast måten dei tenkjer og oppfattar på.

### 3.4.4 Kontekst

Artikkel 31 i barnekonvensjonen til FN er noko eg ynskjer å forstå i ein Zambisk kontekst. «Konteksten er det som er rundt teksten, det som opptrer saman med teksten, altså omgivelsene» (Dahl, 2013, s. 97). Vidare skriv Dahl at *kontekstfaktorar* er det som er innbakt i konteksten, altså det som omhandlar korleis dei involverte forstår og tolkar verda (s.239). Røkenes og Hanssen skriv at kontekst er samanhengen eller ramma, som kan bestå av fysisk kontekst, sosial kontekst og meiningskontekst/kulturell kontekst (2012). Fysisk omhandlar den materielle verdas kontekstmarkørar, sosialt refererer til både den sosiale samanhengen og korleis ulike sosiale lag og grupper, ulike kjønn og ulike aldersgrupper har ulike reglar for fortolking og veremåtar (Røkenes & Hanssen, 2012) Vidare skriv dei at kulturell kontekst omhandlar dei retningslinjene ulike kulturar gjer for veremåtar og tolkingar av ord og uttrykk. Røkenes og Hanssen meiner både det intersubjektive opplevingsfellesskapet og aktørane subjektive eigenverd er kulturelle kontekstar (2012).

Dahl meiner det er 3 hovudfaktorar som er særst viktige i ein kulturell kontekst. Desse er verdsbilete, sosiale faktorar og individuelle faktorar. Det desse har til felles er at dei kan vere særst viktige for *korleis* deltakarane i ein kommunikasjon gjer mening til kommunikasjonsprosessane, og *kva* mening som vert gjort relevant (Dahl, 2013, s. 240). «Verdensbildet er et sett av mer eller mindre systematiserte trosforestillinger og verdier som en gruppe mennesker bruker for å vurdere og å gi mening til sine omgivelser» (Dahl, 2013, s. 240). Vidare skriv Dahl at sosiale faktorar legg meir vekt på mellommenneskelege relasjonar, der aktuelle døme er status og rolle, skillet mellom kollektivistiske og individualistiske samfunn, omgrepa ære og skam og kommunikasjonssfærer. Individuelle faktorar som kontekst meiner Dahl omhandlar persepsjon (me ser med vår erfaring), emosjon, sympati og empati.

### 3.4.5 Kulturforståing

Det å ha kulturforståing inneber at du har; bevisstheit om din eigen for-forståing og kultur, kunnskap om andre kulturar, kjennskap til teoriar om kulturelle ulikheit og likheit, bevisstheit om kva som skjer i møte mellom menneskjer frå ulike kulturar, samt ferdigheit i tverrkulturell kommunikasjon og samhandling (Røkenes & Hanssen, 2012). Det finnes tre overordna kulturforståingar; det evolusjonistiske, det relativistiske og det kontekstuelle (Skytte, 2012). Vidare skriv ho at tydinga av personens kulturelle markørar vert bestemt av dei som deltek i mellommenneskelege møter, ved hjelp av deira forståing av kultur og etnisitet.

Evolusjonistisk kulturforståing er eit perspektiv som ser den kulturelle og samfunnsmessige utviklinga som at den berre går framover, og at den har nådd sitt foreløpige høgdepunkt i vesteuropeiske og nordamerikanske land (Skytte, 2012, s. 21). Vidare skriv Skytte at menneskjer øvst i utviklingshierarkiet har nådd eit høgare utviklingsstadium enn menneskjer lengre nede på utviklingsstigen. Noko som vidare gjer dei høg utvikla kulturane vert sett på som å ha eit utviklingsmessig fortrinn og dermed legitim adgang til å tilby (påtvinge), lågareståande menneskjer og samfunn sine eigne sosiale og kulturelle verdiar, normar og tradisjonar.

Relativistisk kulturforståing byggjer meir på ein oppfatning om at alle samfunns utvikling må forståast ut frå ulik målestokk, i og med at alle kulturar har eigne unike historiar og indre logikkar, og at difor vil forsøk på å generalisera om kulturell utvikling vere spekulativt og uetterretteleg (Skytte, 2012, s. 22). Skytte skriv at denne forståinga i dag fungerer meir som ei tvangstrøya som fastheld menneskjer i spesifikke kulturelle mønstre, verdiar og normer utelukkande på bakgrunn av den geografiske og nasjonale slektshistoria deira.

Kontekstuell kulturforståing betraktar karakteristiske trekk ved etniske grupper som skapt under spesifikke historiske, sosiale og politiske omstendigheiter (Skytte, 2012, s. 24). Skytte skriv at den representerer eit sprang frå eit objektivt kulturfokus til eit subjektivt etnisitetfokus, samt at særlege trekk ved etniske grupper vert sett som tinga av den lokale situasjonen heller enn noko som er opphavleg og fundamentalt.

### **3.4 Kollektivistisk og individualistisk livssyn**

Det kollektivistiske livssynet og det individualistiske livssynet kan ein sei angjev idealtypar for individs og familiars verdiar i arbeidsliv, familieliv og barneoppseding, som ein form for karikatur (Skytte, 2012). Skytte skriv vidare at slike idealtypar er meint som teoretisk verkemiddel, og kan brukast til å forstå den kulturelle kompleksiteten ved å framheve forskjellane.

Individualistisk livssyn er karakterisert ved at det enkelte menneske er i fokus, og barna vert oppdradd med bevisstheit om at dei sjølv er ansvarlege for sitt eige liv og har lov til å gjere kva han/ho ynskjer med det (Skytte, 2012). Skytte skriv at i det kollektivistiske livssynet vert dette mindre vektlagt, og fokuset er over på den utvida familien, der individet vert ansett som lukkeleg dersom familiens livsprosjekt vert realisert og familien som heilheit fungerer godt. Skytte har laga ein forkorta skjematisk versjon av Libby Tata Arcel skjema for dei to overordna livssynas innflytelse på alle nivå i barneoppsedinga, og av den har eg dradd ut dei



karakteriserte trekka dei to livssyna har angående verdiar i barneoppsedinga. Det individualistiske livssynet verdset likheit, fridom og sjølvrealisering, individualisme, samt frivilligheit i familierelasjonane (Skytte, 2012, s. 70). Medan ho skriv at det kollektivistiske verdset gjensidig avhengigheit blant blodbeslekta, ansvarskjensle overfor kollektivet, lydigheit og oppofring.

Det er også avgjerande ytterpunkter i synet på fridom og ansvar mellom dei to livssyna. Det individualistiske livssynet sett rammer rundt eit voksande barn, for så å løysa opp i rammene dess eldre barnet vert. Dette er fordi ein ynskjer at barnet skal verte i stand til å klare seg sjølv og utvikle sine individuelle evner, samt for å gradvis oppnå indre kontroll. Det kollektivistiske kan ein sei er ein motpol til dette, fordi der sett ein få rammer rundt barnet, men etter kvart som det veks får det meir og meir ansvar og «barndomsfriheiten» avtek. Dette heng saman med den hierarkiske familieoppbygginga, og kva plassering og funksjon dei har etter kjønn og alder (Skytte, 2012).

Dahl (2013) skriv også om kollektivistisk orienterte kulturar og individualistisk orienterte kulturar. Han meiner at dersom me bruker ein beskrivande kulturforståing, er ein kollektivistisk orientert kultur ein kultur der omsyn til storfamilien, gruppa eller det sosiale nettverke viktigast. Medan i ein individualistisk orientert kultur er ein meir individsentrert, altså meir opptatt av seg sjølv enn sin nærmaste familie.

Inglehart og Baker skriv at i tradisjonelle samfunn er eit hovudmål i livet å gjere foreldra stolte, samt vert respekt for autoritet verdsatt (Inglehart & Baker, 2015). Vidare skriv dei at tradisjonelle samfunn vektlegg sosial konformitet overfor individualistisk sjølvrealisering.

### 3.6 Ubuntu

Ubuntu er eit afrikansk verdssyn som skildrar kjerneverdiane i det å vere eit godt menneske i ein afrikansk kontekst (Bergersen, 2010, s. A). Vidare skriv Bergersen at å vere Ubuntu inneber å høyre til eit fellesskapsamfunn og respektere og innordne seg etter fellesskapets normer i troa på det guddommelege. Sjølve ordet Ubuntu kjem frå det sørafrikanske Zuluspråket og vert definert som «eg eksisterer fordi du eksisterer» (Bergersen, 2010, s. B).

Ubuntu kan oversettast med afrikansk humanisme, og inneber ein etikk og visjon om kva verdiar som gjer det mogleg å vere eit fullverdig menneskje med eit meningsfylt liv i fellesskap med andre (Bergersen, 2010, s. B) Shutte (2001) skriv at det er konflikt mellom utvikla og underutvikla land, og at det ikkje berre gjeld politikk eller økonomi, men også ei

kulturell konflikt angående kva som er viktig, korleis ein skal leve, og kva som fører til eit lykkeleg liv. Ubuntu vektlegg respekt og sympati som fundamentale, samt er lojalitet, høflegheit, toleranse, tolmod, sjenerøsitet, gjestfriheit, og samarbeidsvilje viktige (Bergersen, 2010, s. B). Noko Shutte (2001) skriv at er universelle for alle, men som andre samfunn har bevega seg bort frå.

### 3.7 Dei undertrykkes pedagogikk

Paulo Freire har på lik linje med Leo Tolstoj, Mohandas Gandhi og Nelson Mandela engasjert seg i eit sosialt program som omhandlar å forberede menneskjer for utvikling og forberede utvikling for menneskjer (Freire, 2009).

Budskapet er at vanlige mennesker selv må fri seg fra et undertrykkende system, og selv kvitte seg med taus lydighet mot autoriteter og tilpasning i gamle roller; vanlige mennesker må selv forvandle bitterhet og gremmelse til handlekraft og omsorg for hverandre (Nordland, 2011, s. 9).

Bank-oppfatninga av undervisning som eit reiskap for undertrykking ser kunnskap som ei gåve frå dei som betraktar seg sjølv som forståsegpåere, til dei dei anser som heilt uvitande. Her vil læraren fortelje om røynda som den var ubevegelg, statisk, adskilt i enkeltdelar og forutsigelig, eller prøve å gjere reie for eit emne som er fullstendig fremmed for elevens eksistensielle erfaring (Freire, 2009, s. 54). Vidare skriv Freire at læraren fyller eleven med innhald, men orda vert tømte for sitt konkrete innhald og vert hult, framandgjort og framandgjærande ordgyteri. Dette er fordi innhaldet er skilt frå røynda og har mista forbindelsen med den heilheita som skapte det og som kunne gi det betydning. Eit døme på dette kan vere «4 delt på 2 er 2» eller «Hovudstaden i Noreg er Oslo».

### 4.0 Presentasjon av empiri

I dette kapitlet vil eg presentere resultatane frå dei semistrukturerte intervjuane eg har utført i løpet av min 8-veker lange praksisperiode. Dette vil då utgjere datagrunnlaget i denne studien. Eg har valt å tematisere skildringar og opplevingar som informantane kjem med, for å få ei betre oversikt over datamaterialet. Det fyrste temaet er synet på barns rettigheitar generelt, noko som kan gje innsyn i ein Zambisk SOS mors oppfatningar. Det andre er personleg meining angående konvensjonen, noko eg ser på som relevant i og med at dei er primærkjelder på sitt fagområde, og derfor kan bli sett på som ekspertar. Tredje tema er utfordringar knytt til konvensjonen, og siste tema er relevans i zambisk kultur. Gjennom

utvalte skildringar og samandrag vil eg løfte fram dei mest sentrale delane av det innhenta datamaterialet.

#### 4.1 Child rights

Alle tre mødrene fortel at dei ser på barna som sine egne, og oppdrar dei på lik linje som dei har gjort sine biologiske barn. Når eg spør dei kva dei tenkjer når dei høyrer «child rights» får eg ulike svar, men mykje likt i innhald. Mor 1 svarar at det er noko nytt som ikkje ligg i deira kultur, men at dei må tilpasse seg, og at både barna og dei vaksne bør informerast og guidast for å forstå kva det faktisk betyr. Rettigheitane og ansvar går hand i hand. Mor 2 svarar at før forstod ho ikkje kvifor dei kom, men no forstod ho, og sa vidare at det var for å sette grenser for utnytting av barnet, men og at rettigheitane bør høyra saman med ansvar. Mor 3 svara at det er noko du er meint å dra nytte av, men at ein bør bli guida i kva rettigheitane ein har og kva ansvar som følgjer med dei ulike rettigheitane. Dette med ansvar er noko eg også har gjort meg erfaringar rundt når eg har vert i praksis, fordi barn vert oppdradd ulikt etter kjønn og alder, og det vert gjort forventningar til deira deltaking til fellesskapet og deira bidrag. Ei jente vert lært opp etter alder å hjelpe til i huset, vaske, rydde, lage mat, ta hand om søsken, og liknande medan ein gut vert forventa å læra arbeid, åkerarbeid, disiplinera søsken og gjere det godt i skulen, for å nemne nokre.

#### 4.2 Personleg mening

Når eg spurte om deira personlege mening om konvensjonen svara mor 1 at ikkje alle rettigheitane er lika overførbare. Ho har oppdradd 5 av sine egne barn på sin måte, og alle er no veldig suksessfulle. Men ho understreka at ho ikkje sa at barnekonvensjonen var bra eller dårleg. Ho sa også at ein burde bli meir «sensitized, advised og educated» rundt rettigheitane, samt at fleire av rettigheitane bør bli omgjort. Mor 2 svara at Afrika er ikkje Europa, og at ein trengte å balansera kva som gjaldt til dei ulike kulturane. Samt sa ho at «vestlege land kjem å seier kva me gjer bra, og kva me gjer dårleg, kva me får fortsette med og kva me må endre». Mor 3 svara at det medførte mykje forvirring fordi dei moderne verdiane kolliderte med dei tradisjonelle. Ho meinte det burde vert meir opplæring både for barn og vaksne, samt det å understreka samanhengen mellom rettigheitane og ansvaret knytt til dei. Seinare i intervjuet seier mor 3 at rettigheitane vert diktatert på dei, at det er noko moderne og vestleg som nyleg er introdusert men utan rettleiing i korleis å implementera eller kva dei faktisk betyr. Samt det at «children rights are overshooting the traditional way», noko ho og sa førte til forvirring og konflikter i heimen.

### 4.3 Utfordringar

Eine spørsmålet gjaldt kva utfordringar som følgde denne konvensjonen, og då var det einstemt i svara. Dei meinte at barna ofte utnytta retten, og ikkje tenkte på ansvaret. Samt det at dei som mødre var begrensa og kunne bli stilt spørsmål til oppsedinga, noko som gjorde at dei var redde og måtte vere forsiktige. Alle tre fortalte at dei hadde hørt historier og opplevd barn som utnytta rettighetane, samt barn som har tatt foreldra til retten. Mor 1 sa også at det var utfordringar knytt til at mødrene var opplært på gamlemåten, og verdsette dei verdiane som var vektlagt i zambisk tradisjon, medan mange av barns rettigheter bryt med korleis zambiske barn vert oppdradd. Alle mødrene drog og fram at barn no til dags er late, uansvarlege og eig lite respekt, noko som bryt med verdiane i eit tradisjonelt samfunn som Zambia, samt Ubuntu.

### 4.4 Relevans i Zambisk kultur

Når eg spurte om konvensjonen var relevant i Zambia svara mor 1 at den ikkje var det fordi den oppfordra til latskap og uansvarlegheit. Samt at den i sin form ikkje er heilt overførbar til Zambisk levesett og i forhold til dei verdiane dei verdsett i Zambia. Mor 2 svara at den var relevant spesielt når det kom til den delen om kultur, fordi det var gjennom interaksjon med andre ein lærte om sin eigen og andres kultur. Men ho sa og at da ikkje hjalp så lenge barna ikkje blei gjedd ansvar og grenser. Mor 3 svara ja fordi alle barn treng å få vere barn, dei treng å slappe av slik at dei er 100% konsentrert når dei skal gjøre skule eller arbeidsoppgåver i heimen. Etter mine erfaringar er Zambia eit veldig indirekte land, noko ein også ser igjen i teori som til dømes hos Dahl, for på mitt direkte spørsmål vart desse svara gjedd. Men seinare i intervjuet kom fleire motseiande utsegn fram som eksempelvis «rettighetane bør bli omgjort og tilpassa Afrika», «ikkje verdsette verdier i vår kultur», «bryt med tradisjonar og zambisk oppvekst».

## 5.0 Drøfting

I dette kapitlet vil eg knytte innhenta data opp mot teorien som vart presentert i teorikapitlet, og drøfte dette opp mot problemstillinga mi som er: korleis vert barnekonvensjonen implementert i barneoppsedinga i SOS barnebyer i Zambia, og kva utfordringar er knytt til implementeringa?»

## 5.1 Vestleg tenking og etnosentrisme

Når ein ser på svara til informantane opp mot teorien er det fleire punkt ein kan trekkje fram. Empirien viser at dei seier at barns rettigheter er noko nytt som ikkje ligg i deira kultur, og at rettighetane bør henga saman med ansvar. Eine mora gjer eit eksempel på at barn har rettigheter til å gå på skule, men dei har og ansvar til å gjere leksene sine. Dette kan ein sjå på bakgrunn av at barnerettighetane, på lik linje med menneskerettighetane, har vestleg opphav noko som gjer det vanskeleg å tilpassa normene til andre kulturar, i og med at dei ikkje er universelle og allmenngyldige (Sørensen, 1990). I Zambisk kultur vert det tillagt ansvar til barn i ein tidlig alder, noko som også heng saman med at dei ofte bur i storfamiliar og at det er utbredt fattigdom. Mor 3 sa «Korleis skal familien gå rundt om ikkje alle hjelper til på sine områder?», noko som speglar dette.

Ein kan sei at vestleg tenking, eller vestlege land har utvikla intersubjektive forståingar og meiningar angående konvensjonen, og dermed laga felles referanserammer rundt korleis den skal utformast. Vidare kan ein sei at desse vestlege landa då har definisjonsmakt, altså «den som definerer hva som skal være rammer og betingelser for aktiviteter og meninger, hva som skal prioriteres, og hva som skal neglisjeres» (Dahl, 2013, s. 126). Her kan ein sjå utviklingslanda, som til dømes Zambia, som ein av dei undertrykte landa der definisjonsomgrepa ikkje er tilpassa den kulturelle konteksten. Dette kan ein også sjå i ljøs av at mor 2 sa «vestlege land kjem å seier kva me gjer bra, og kva me gjer dårleg, kva me får fortsette med og kva me må endre».

Ein kan også trekkje inn etnosentrisk tankegang, der dei vestlege landa ser på sin eigen kultur som universell og brukar sine egne verdiar som målestokk for å vurdera andre. Tidligare nemnte eg Javo som skriv at dette er eit fenomen som ofte finnes hos majoritetsbefolkningar og inngår då som ein del av den dominerande gruppas maktarroganse og kjensle av kulturell overlegenheit. Visst ein her ser den rike vestlege verda som majoritetsbefolkning, og dei fattige utviklingslanda, slik som Zambia, som minoritet vil barnekonvensjonen spegle dette. Ein kan hevde at barnekonvensjonen er bygd opp av etnosentriske verdiar, som ikkje er globalt tilpassa. Noko eg finn støtte i hos svara til SOS mødrene, som seier at «Afrika ikkje er Europa», «vestlege land kjem å seier kva me gjer bra, og kva me gjer dårleg, kva me får fortsette med og kva me må endre».

## 5.2 Kultur

«Afrika er ikkje Europa», «Ikkje alle rettighetane er like overførbare», «moderne verdier kollidere med dei tradisjonelle», dette er alle utsegn mødrene i SOS kom med. Her kan ein trekkje inn kulturfiltermodellen til Dahl der Zambia kan koplust opp mot kulturfilter B og vestlege land opp mot kulturfilter A. Her er det dradd fram kontrastane i dei ulike type kulturar, noko som kan brukast til å forstå den kulturelle kompleksiteten ved å framheva ulikheitane. Ein kan sei at kulturfilter B også kan koplust opp mot Ubuntu, som er det afrikanske verdssynet. I begge desse skildringane vert dei same verdiane vektlagt, og det er tradisjonelle verdier som før var universelle, men som andre samfunn har bevegde seg bort frå.

Det individualistiske livssynet vert knytt opp mot kulturfilter A og det kollektivistiske livssynet vert knytt opp mot kulturfilter B. Desse livssyna er motpolar på mange punkt, noko også Zambia og vestlege land er. Zambia er eit tradisjonelt samfunn som verdsett lydighet, oppofring, ansvarskjensle overfor kollektivet og gjensidig avhengigheit blant blodbeslekta, noko som gjer implementeringa av FNs barnekonvensjon utfordrande. Dette vert ei utfordring fordi den artikkelen kan sjåast som utarbeida frå eit individualistisk livssyn, som verdsett likheit, fridom, sjølvrealisering, individualisme, samt fridom i familierelasjonane. Dette kolliderer i tillegg med Ubuntu som inneber å høyre til eit fellesskapsamfunn og respektere og innordna seg etter fellesskapets normer i tro på det guddommelige. Dersom ein ikkje innordne seg dette kan ein bli utestengt frå samfunnet og storfamilien, noko som gjer at ein «ikkje eksisterer» sidan Ubuntu betyr «eg eksisterer fordi du eksisterer». Eit menneskje som prioriterer egne behov vil gå imot verdiane til eit tradisjonelt samfunn som Zambia, noko som kan resultere i utestenging frå andre (Shutte, 2001). Noko som gjer at sjølvrealisering i Zambia vil vere vanskelig, ettersom at fellesskap vert prioritert så høgt.

Kulturfilter A og kulturfilter B har store kontrastar noko som gjer at den kulturelle identiteten har lite fellestrekk, som igjen fører til fleire moglegheiter for feiltolking. Shutte (2001) skriv om ei kulturell konflikt mellom utvikla og underutvikla land angående kva som er viktig, korleis ein skal leve og kva som fører til eit lukkeleg liv. Ein kan sjå på barnekonvensjonen som ein slik kulturell konflikt, der dei ulike kulturfiltera og kulturelle identitetane vert sett opp mot kvarandre frå eit evolusjonistisk kulturforståingsstandpunkt. Mor nr 2 sa «vestlege land kjem å seier kva me gjer bra, og kva me gjer dårleg, kva me får fortsette med og kva me må endre».

Ein kan sjå dette frå ei evolusjonistisk kulturforståingsstandpunkt noko som gjer at ein ser Zambia som underutvikla og lågt plassert på utviklingshierarkiet, som vidare legitimerer vestlege land adgang til å tilby (påtvinge) lågareståande menneskjer og samfunn sine egne sosiale og kulturelle verdiar, normer og tradisjonar» (Skytte, 2012). Ein kan også sei at sidan Organisasjonen for Afrikansk Enhet anbefalte sine representantar å etablera ein eigen afrikansk erklæring om barnrettigheit som i sterkare grad tek omsyn til dei spesielle afrikanske forholda som ikkje har sin plass i eit globalt dokument, opererte dei meir ut frå ein relativistisk kulturforståing. Denne kulturforståinga meiner at alle samfunns utvikling må forståast ut frå ulike målestokk, noko ei slik erklæring tek meir omsyn til. Denne organisasjonen er også noko både mor nr 1 og mor nr 3 trakk inn i samtalen vår, der begge la vekt på kor viktig det var å ta omsyn til den afrikanske kulturen.

### 5.3 Kontekst

Den Zambiske konteksten omhandlar korleis ein forstår og tolkar verda, og med dette korleis ein forstår og tolkar konvensjonen. Når ein vil forstå noko vil ein alltid forstå det ut frå noko, dette er basert på sosialiseringa til personen der fleire ulike faktorar spelar inn. I Zambia kan den fysiske konteksten omhandla det materielle, noko som også kan vere mangelen på dei materielle godane, som fører til ei større avhengigheit blant storfamilien, sidan alle må oppofre til fellesskapet. Eit eksempel her kan vere fattigdom og mangel på mat, noko som gjer at familien er avhengig av at heile familien drar si vekt, spesielt med tanke på at ein i Zambia opererer ut frå storfamiliekonseptet, og at det er mange munnar å mette. Slik mor 3 sa «Korleis skal familien gå rundt om ikkje alle hjelper til på sine områder?», speglar dette.

Sidan kontekstfaktorar er det som er innbakt i konteksten, altså det som omhandlar korleis dei involverte forstår og tolkar verda, kan ein sei at den Zambiske konteksten også heng saman med kulturfilter B og verdssynet Ubuntu. Dahls 3 hovudfaktorar for den kulturelle konteksten vil ha stor innverknad på korleis ein kan forstå noko ut frå ein Zambisk kontekst, og gjer oss eit innblikk i kva faktorar som har tyding for korleis noko vert gjedd meining og kva meining som vert gjort relevant.

Under intervjuet vart det sagt motstridane uteagn som ein kan forklare ved at Zambia er eit samfunn som tenkjer, oppfattar og legg meining til det som vert sagt gjennom kulturfilter B. Dette kulturfilteret vert kjenneteikna ved at språket er indirekte, og høflegheit er ein dyd. Ut ifrå dette kan det bety at informantane mine svara det dei trudde eg ønska å høyra for å vera høfleg, og det faktumet at mine spørsmål var ganske direkte (Dahl, 2001).

## 5.4 Undertrykking

Paulo Freire laga ein ny pedagogikk, der budskapet omhandla blant anna å fri mennesket frå eit undertrykkande system, kvitte seg med taus lydigheit mot autoritetar og tilpassing i gamle roller. Ein kan sjå FNs barnekonvensjon som budskapet, som gjer barn rettigheitar som bryt mot det tradisjonelle systemet. Barns rettigheitar ligg nærmare knytt til kulturfilter A, som verdsett individualitet, likheitsideal og der kjønnsroller vert utviska, noko som sagt bryt med Zambias tradisjonelle samfunn som ligg nærmare knytt til kulturfilter B. Ein kan på denne måten sjå barns rettigheitar som eit budskap for å fri mennesket frå eit undertrykkande system, fri mennesket frå den tause lydigheita mot autoritetar, samt fri mennesket frå tilpassing i gamle roller.

Ein kan på ein annan måte sei at FNs barnekonvensjon om barns rettigheitar vert overført gjennom ei bankoppfatning av undervisning. Dersom ein her ser vestlege land som læraren, utviklingsland som Zambia som eleven, og barnekonvensjonen som innhaldet som skal lærast bort kan det overførast til bankoppfatninga. Dette kan samsvare med svara eg fekk frå informantane mine, og viser korleis barnekonvensjonen er noko dei har blitt «fylt opp med», men innhaldet er skilt frå røynda og har mista forbindelsen med den heilheita som skapte det og som kunne gje det mening. Mor 3 sa «Barnekonvensjonen er ein moderne ting, ein vestleg ting, nyleg introdusert som ikkje er tatt seg til mening». Ut ifrå svara eg har fått av mødrene ser ein ei tydeleg «uforståande haldning» til denne konvensjonen på mange plan, og som dei seier sjølv vil ei forklaring, undervisning og rettleiing gjere dei meir rusta til å forstå omfanget, innhaldet og meininga i den.

Bankoppfatninga ser som sagt læraren som ein «forståsegpåer» som kjem med kunnskap som gåve til dei som vert ansett som heilt uvitande. Dette kan ein kopla opp mot ei evolusjonistisk kulturforståing samt ei etnosentrisk haldning. Grunna den evolusjonistiske kulturforståingas legitime adgang til å tilby (les påtvinge) lågareståande menneskjer og samfunn sine egne sosiale og kulturelle verdiar, normer og tradisjonar. Dette kan igjen koplast opp mot etnosentrisme fordi ein då reknar seg sjølv, egne verdiar eller gruppas livsførsel som betre enn sandres og brukar egne verdiar som målestokk for å vurdere andre.



## 6.0 Oppsummering

I denne studien har eg undersøkt korleis barnekonvensjonen vert implementert i barneoppsedinga i SOS barnebyer i Zambia, og kva utfordringar som er knytt til implementeringa, noko som også var mi problemstilling. Resultatet viser at alle mødrene eg intervjuar meinte at barns rettigheter bør henga ilag med ansvar, samt det at barns rettigheter er eit vestleg fenomen som ikkje nødvendigvis er tilpassa Zambisk kontekst. I og med at i eit tradisjonelt samfunn som Zambia vert verdssynet Ubuntu og kulturfilter B verdsett, og verdiane desse to søker etter å etterleve bryt med verdigrunlaget til barnekonvensjonen, i og med at den er utarbeid frå eit kulturfilter A.

I løpet av mine 3 månader i Zambia, samt gjennom min studie har eg fått ein breiare innsikt i kva barns rettigheter har å sei i eit tradisjonelt samfunn, og utfordringane knytt til dette. Fleire utfordringar som vart brakt på banen av SOS mødrene eg intervjuar var rota i kollisjonen mellom tradisjonelle verdiar og moderne/vestlege verdiar, noko som i hovudtrekk har store kontrastar i oppsedingsverdiar, familieverdiar og samfunnsverdiar. Denne kollisjonen av verdiar kan ein også sjå som ein kollisjon mellom generasjonar, der nyare generasjonar kan adoptere moderne verdiar medan foreldregenerasjonen eller besteforeldregenerasjonen fortsett vektlegg dei tradisjonelle verdiane.

Denne oppgåva belyser også korleis eit etnosentrisk auga kan nedprioritere andre kulturarar sær eigenheit til fordel for sine egne «betre» verdiar, noko også den evolusjonistiske kulturforståinga kan vere med på å underbygge. Det er viktig når ein arbeider på kryss av kulturar og samfunn at ein arbeider ut ifrå eit syn på alle kulturar og samfunn som sær eigenheit, og ikkje leggja dei under same målestokk. Dette er noko denne studien er med på å underbygge.

## 7.0 Innholdsliste

- Bergersen, A. (2010). *Hvordan kan begrepet formålsrasjonalitet forklare interaksjonen mellom aktører fra samfunn preget av Ubuntu og vestlige aktører innen utdanningsamarbeid?* Høyskolen i Sogn og Fjordane: Upublisert essay. A
- Bergersen, A. (2010). *Hvordan kan en ut i fra vestlig sosial og politisk teori forstå normer som gjelder for fellesskap som bruker begrepet "Ubuntu"?* Høyskolen i Sogn og Fjordane: Upublisert vitenskapelig fagtekst. B
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Dahl, Ø. (2001). *Møter mellom mennesker*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dahl, Ø. (2013). *Møte mellom mennesker*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dalland, O. (2008). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS 2007.
- Freire, P. (2009). *De undertryktes pedagogikk*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Giddens, A. (1991). *Modernitet og selvidentitet*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Inglehart, R., & Baker, W. E. (2015, April 1). *American Sociological Review*. Henta frå <http://www.jstor.org/stable/2657288>
- Jávo, C. (2010). *Kulturens betydning for oppdragelse og atferdsproblemer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag AS 2010.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Larsen, A. K. (2012). *En enklere metode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Nordland, E. (2011). Paulo Freire - pedagogikk for medmenneskelighet og samfunnsendring. I P. Freire, *De undertryktes pedagogikk*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Røkenes, O. H., & Hanssen, P.-H. (2012). *Bære eller bryte*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke .
- Schackt, J. (2000). *Kulturteori*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Shutte, A. (2001). *Ubuntu an ethic for New South Africa*. Cluster publications 2001.

Skytte, M. (2012). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS .

Steinar, K. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Sørensen, R. (1990). *Tapte generasjoner*. Oslo: a.s Joh. Nordahls Trykkeri.

Tranøy, K. E. (2014, Juli 24). *Metode*. Henta frå <https://snl.no/metode>